

## Sak 33/07 Studentane sitt hus (2007/1567)

### Utgreiing

Denne saken heng nøye saman med orienteringssak sak 41/07 som og vert lagd fram for styret på dette møtet.

Universitetet i Stavanger har ambisiøse planar om vekst, noko som tyder at det og må byggjast ein del i tida som kjem. Det er utarbeidd ei områdeplan for utvikling av bygg på Ullandhaug, og styret har teke denne til etterretning. Planen er og oversendt Kunnskapsdepartementet, og i dei årlege budsjettokument til KD er det også orientert om planar for utbygging. I same dokument ligg dette og inne som planlagd verksemd utaføre faste rammer. I planen er det lagt opp til at ein for å dekkja den trong ein kan lesa ut av handlingsplanane til fakulteta, skal ha følgjande byggjeprogram dei første åra.

- 1) Nytt bygg for SV-fakultetet ferdig ca 0101, 2009.
- 2) Påbygg på Hulda Garborg i løpet av 2009
- 3) Meir laboratoriekapasitet for TN 2009/2010.

Styret har ikkje hatt prinsipielle innvendingar mot dette, men vil ha kvart prosjekt lagt fram som særleg sak etter kvart som prosjekta er ferdig utgreidde, før ein pliktar seg til bygging. Til no er prosjekt nr 1) vedteke gjennomført av styret.

Styret har og peika på at ein bør greia nærare ut om studentane sine organisasjonar bør få betre kår tidlegare enn 2010, og styret har difor bede leiinga sjå nærare på dette med tanke på ei innplassering i prioriteringslista. Vedlagde utgreiing gjeld studenthuset. Vi reknar med å kunne leggje fram planforslag for dei to andre prosjekta i løpet av 2007.

I samvirke med StOr vart det sett ned eit utval, leia av StOr-leiar Kjetil Clemetsen, som skulle sjå på krav og forventningar til eit studenthus. Deira rapport ligg ved saka.

Utgangspunktet for denne drøftinga var for det første eit akutt problem studentane opplevde, nemleg at deira hovudbøle, Paviljong 9, låg noko avsides i høve til sentral verksemd og aktivitet på campus, og i tillegg var oppblomstringa av organisasjonar såpass stor at det vart knapt om plassen. For det andre opplever ein at studentane ikkje nyttar campusområdet i den grad det kunne vore nytta til sosial og fagleg verksemd over ein større del av dagen enn "normalarbeidstid", dels fordi det er få infrastrukturelement som studentbustader, butikkar, utestader og sosiale samlingspunkt på campus, og dels fordi vi ikkje har organisert læringsressurscenter der studentane kan kombinera lesing, informasjonshenting, gruppearbeid og anna med gode støttefunksjonar.

- 1) Læringsressurscenter. Mange universitet har slike senter, der både bibliotek, kantine butikkar, støttefunksjonar og arbeidsplassar er samla i eit sentralt bygg med lang opningstid. Rønnsle syner at dette er populære bygg, og dei skapar sosial tilknytning til campus. Men det vil her vere tale om investeringar på 3-400 millionar kroner eller meir, og det er vanskeleg å sjå korleis dette eventuelt kan realiserast før vi har hatt monaleg meir vekst, kanskje ikkje før etter 2015. Med slike tidsaspekt har vi her ikkje gått inn på detaljerte utgreiingar.
- 2) Sosiale samlingspunkt, butikkar, husvære og anna. Å skapa meir liv på campus er eit mål, og her arbeider vi i lag med både kommunen og Studentsamskipnaden. Dette tek og tid, fordi takten i bustadbygging vert regulert av tilskot frå staten, forretningar er avhengige av stort nok tilfang av kundar og når det gjeld sosiale samlingspunkt kjem vi i konkurranse med meir sentrumsnære aktivitetar. Men husvære kjem, 100 studentbustader i løpet av 2-3 år, butikkcenter leitar vi etter løysing på, og Samskipnaden vurderer stendig tilbodet sitt i høve til studentane sine ønskje. Eit fint døme her er bokkafeen som tydeleg stetta ei side av sosialiseringa. SiS-hallen med sine gode treningstilhøve både for grupper og einskildindivid er og eit viktig steg i rett retning.
- 3) Organisasjonslokale. Studentane er organiserte i mange slag organisasjonar og system. Nokre er formalinnlemma i vår verksemd, som StOr, studentparlamentet, fakultets-studentråda. Nokre er knytta til fagleg verksemd, som studentorganisasjonar for helse- og sosialfag, lærarar, tekniske fag, og som

særlege studentgrupper knytt til institutta. Atter andre er generelle organisasjonar for alle studentane knytt til livssyn, sport og fritidssyslar av ulike slag. Til slutt kan og nemnast studentavis- og radio. Formalorganisasjonane er innplasserte i bygg nær verkefeltet sitt, til dømes nær sentraladministrasjonen, fakultetsadministrasjonane eller i det instituttet dei er knytta til. Resten vert plasserte så samla som råd for å kunne utnytta felles ressursar og for å kunna læra av og hjelpa kvarandre. For tida er dette samlingspunktet Paviljong 9, aust for Hagbard Line-huset. Studentane har gjeve uttrykk for at dette bør vere mykje meir sentralt på campus.

Utgreiinga som ligg ved skisserer som eit ønskjemål at alt dette skal kunne realiserast. Men både StOr og studentparlamentet skjønar at prosessen fram til dei ideelle måla er lang og vil ta mange år. Dei har difor i første omgang fokusert på areal til sentrale lokale for organisasjonsarbeid, og bede oss sjå på dette først.

## Vurdering

Det er av stor verdi for eit universitet å ha nøgde studentar og aktive organisasjonar. Ein reiskap for å få dette til, er rammevilkår som studentane opplever som gode og fremjande for verksemd, med lokale dei finn fort fram til og som ligg slik til at det er naturleg å gå til dei.. Eit bærande prinsipp for oss har vore å samla dei, fordi dei har ulik røynsle i høve til organisasjonsarbeid, og slik kan læra av kvarandre, og fordi dei har ein del felles trong, som tilgang til utstyr, sosialrom og felles kjøkken osb. Universitetsdirektøren stør dette prinsippet og legg det til grunn for vidare arbeid.

Universitetsdirektøren har difor initiert eit utgreiingsarbeid for å sjå på moglege løysingar. Vi har vald å sjå på eit tiltak som gjev eit bygg på storleik med Paviljong 9), noko som kostar om lag 10 millionar kroner. Dette bør det kunne innpassast raskt i programmet for utbygging utan store forseinkingar. Studentane har bede om at ein ser på noko utvida alternativ, til dømes med ein kjellar, eller ei ekstra høgde. Dette vil gje ei betre løysing, men vil auka kostnaden med 3 til 4 millionar, og vil ligge nær grensa for reguleringsplanen sine reglar. Vi vil likevel vurdere om det er råd å strekka seg noko i høve opprinneleg plan.

Sentralt på campus er det i reguleringsplanen berre ein stad det er råd å plassere eitkvart, og det er aust for Ellen&Aksel Lunds hus. I samvirke med Statsbygg og arkitektfirma Arkvest har vi utarbeidd eit framlegg med ei særprega bygning med front mot Arne Rettedals hus, med rektors plass intakt mellom dei to bygga, utarbeidd i same stil som andre bygg i nærområdet. Studentane tykkjer dette er ei spanande løysing, men kunne vel ønskt meir. På den andre sida vil dei heller ha dette som dei meiner er godt tenleg, enn å risikere å falle ut av prioriteringslistene att.

Vi syner til vedlagde teikningar, som førebels berre er grovskisser. Om styret gjev grønt lys for vidare arbeid, vil vi saman med studentane sette ned ei romplan-nemnd for å semjast om innhald, utforming og bruk. Då vil vi og detaljera ekstern utforming. Om vi kan inkludera det i SV-bygg-prosjektet er det mykje å spara, men då treng prosjektet klårsignal snarast. Vi har drøfta planane med representantar for kommunen sine plan- og byggjesaks-avdelingar, som seier dei to alternativa med tre høgder over bakken er så godt innføre reguleringsplanen at dei vil verte raskt godkjende med detaljerte og gode planar i samsvar med skissa.

Universitetsdirektøren har det syn at UiS snarast bør realisere dette som eit strategisk tiltak for å betra studentane sin trivnad på campus. Direktøren meiner prosjektet bør ha ei nedre ramme på 10 millionar, og at det bør realiserast raskt. Direktøren peikar på at det er mykje verksemd og kostnad knytt til bygg for tida ( sjå U-sak 41/07) og rår difor til at ein primært søkjer finna eksterne sponsorar til dette bygget. Direktøren meiner ein bør starta med å kontakta Universitetsfondet og vertskommunen som har gjeve uttrykk for at dei vil vere med på å realisera prosjektet. Vidare vil vi ta saka opp med Finansieringsutvalet.

Direktøren vil halda fram det langsiktige arbeidet for å betra studentmiljøet på Ullandhaug i tråd med det som vert etterlyst i vedlagde notat frå arbeidsgruppa.

**Framlegg til vedtak:**

Styret for Universitetet i Stavanger godkjenner at det vert bygd eit "Studentane sitt hus" sentralt på campus.

Styret føreset at prosjektet har ei nedre ramme på 450 rutemeter og 10 millionar kroner, og at ein søker fullfinansiere prosjektet med hjelp av eksterne sponsorar.

Stavanger, 26.03.2007

Per Ramvi  
*universitetsdirektør*

John B. Møst  
*ressursdirektør*

Vedlegg: Utgreiing frå ei arbeidsgruppe som har sett på bygg for studentverksemd  
Framlegg til konkretisering av nytt studenthus